

Meland Mållag

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2018/2019

Meland Mållag hadde årsmøte 14. mars 2018. Denne årsmeldinga tek føre seg arbeid utført av laget i perioden mellom årsmøta.

Fyrste styremøte var halde 23.04.18, og styret konstituerte seg slik:

Leiar: Haakon Aase

Nestleiar: Åse Grønsnes

Kasserar: Marie Morken

Skrivar: Bjørnar Langeland

Styremedlem: Kjersti Langenes Bøen

Åsmund Aase Fluge – **1. vara**

Helene Olli Sollid – **2. vara**

Astrid Reigstad – **3. vara**

Styremøte:

Laget har hatt 10 styremøte denne perioden.

Årsmøte i Hordaland Mållag:

Astrid, Marie og Leif var utsendingar til årsmøtet, som vart halde i Leirvik på Stord.

Landsmøte i Noregs Mållag:

Landsmøtet gjekk føre seg på Vinje, i høve 200 års jubileet til Åsmund Olavsson Vinje.

Marie og Astrid var sendingar, medan Haakon deltok som representant for styret i Noregs Mållag.

Meland Jul:

Tidleg i desember, klar til adventstreffet, kom nok ei fin utgåve av Meland Jul frå trykkeriet. Det vart seld over 1300 eksemplar – ny rekord med god margin!

Komande år vert det ny skriftstyrar i bladet, styret arbeider med saka. Avtroppande redaktør

har kome med gode forslag.

Styret vil takka Arve Kjell Uthaug for framifrå flott innsats!

Elias Mjåtveit-huset:

Elias Mjåtveit var allsidig; komponist og spelemann, skribent og diktar. Han deltok også aktivt i organisasjonslivet i bygdene her i Meland. Han var også med å skipa Meland Mållag i 1917. Huset hans har mållaget og Meland sogelag vedteke å freista redda. Det har stått nærast til nedfalls i ei årrekke, og det har vore vanskeleg å kome i kontakt med eigar. Dette er nok den siste husmannsplassen i Meland, og me har lyst å halda minnet og arven etter Elias levande ved ei ivaretaking.

Eigar søkte rivingstillating, og kommunen varsla Meland Mållag og Meland Sogelag om dette. Firmaet Gamle3hus, som har spisskompetanse på restaurering av gamle trehus, var på synfaring 07.02. Det er utarbeidd ei førebels tilstandsvurdering, og vidare vil det verta utarbeidd ei utførleg tilstandsvurdering og tiltaksplan for huset, spesielt med tanke på flytting til anna stad. Eigar er kjend med planane til laga, og er innforstått med at ein vil trenga tid for å førebu prosjektet.

Sogelaget og mållaget har også vore på synfaring, og vore i kontakt med eigar.

Det er tankar om å flytta huset til Holmeknappen, eller til tomte nedanfor Sjursehuset.

Adventstreff 2018:

Adventstreffet vart halde 1. sundag i advent, 2. desember. Ragna Ådlandsvik heldt kåseri kalla «Glimt frå eit liv med litteratur». Eit godt kåseri - som også mana til ettertanke og inspirasjon. Elles var det nydeleg song frå Måltrastena, matøkt og mykje allsong.

Meland Jul var sjølv sagt også til sals.

Samarbeid med dei andre laga i regionen:

Laga i Norhordland har hatt fleire fellesmøter, der ulike satsingar har vore tekne opp.

Dette året har satsing på å styrkja nynorsk hjå barn i barnehagealder vore tema, ulike satsingar har vorte drøfta; kurs for barnehage tilsette/lærarar, turne i barnehage og skule, tilskipingar som involverer foreldre, bygdefolk og slekt, samarbeid med andre frivillige aktørar. Tankane er mange, og det vert jobba vidare med dette. Konkret vert det arbeidd med songopplæring for tilsette i barnehagane, mogeleg ei utviding med folkedans.

- **Stolt av eige språk**

I februar, dette året, vart prosjektet frå Fjell kommune, «Stolt av eige språk», presentert på biblioteket i Knarvik. Prosjektleiara frå Fjell presenterte, og ordførarane i regionen var også deltakande. Stemninga på presentasjonen var svært positiv, og det vart semje om ei satsing på prosjektet i nye Alver Kommune. Det var godt oppmøte på biblioteket denne kvelden.

- **Nynorsk med dei minste**

Laurdag 10. mars 2018, skipa Strilebiblioteket, Alversund Mållag, Osterfjorden Mållag, Lindås Mållag og Meland mållag seminaret «Nynorsk med dei minste» i kantina på Meland Rådhus. Eli Bjørhusdal og Ingvil Brügger er redaktørar for boka «Nynorsk med dei minste», og dei presenterte denne. Tanken er at barn som skal ha nynorsk som opplæringsmål treng å møte skriftspråket sitt allereie i barnehagen. Kurset var retta mot dei som arbeider i barnehagane, dei som administrerer tenester innanfor dette området og andre interesserte. Det var musikalske innslag frå lokal barnehage og matøkt. Mangschou Forlag hadde bokdisk og orienterte om aktuelle bøker.

Kurset var svært interessant, diverre var oppmøtet heller dårleg. Seminaret heldt høg kvalitet, og var praktisk retta mot barnehagetilsette. Me har tankar om reprise på seminaret.

- **Grieg og målsaka**

Kvelden 10. november 2018 vart eit eventyr - mållaget, saman med biblioteket og Alversund mållag, skipa då til konsert i Nordgardsløa. Melissa Baug, sopran, Øyvind Aase, piano, Pål Håvard Giezendanner las tekstar og Eilif Løvteit var programleiar. Løa var full og me fekk svært gode tilbakemeldingar frå publikum. Ein særst vellukka kveld!

Måltrastena:

Måltrastena er mållaget sitt eige kor. Koret tel 14 songarar inkl. dirigent Kristine Fluge.

Dette året har dei markert Vinje og jubileet hans på Frekhaug Bibliotek, dei har sunge på Adventstreffet og delteke på julekonserten i Meland kyrkje.

Hautsesongen starta med tur til Glæsvær og seilas med skuta Seladon – ei feiring av 20 års jubileet i 2017.

Frekhaug 6/3 – 19 - Styret i Meland Mållag